

Syn og Segn Hefte 4-2004 Hundreogtrettande årgangen. Det Norske Samlaget. Kr. 100.-

SYN OG SEGN 2/06

SYN OG SEGN HEFTE 2-2006 HUNDREOGELLEVTJE ÅRGANGEN. DET NORSKE SAMLAGET



SAKER I DETTE NUMMERET: NÅR DEI URBANE INNTEK BYGDA • **GYMNASLÆRER PEDERSEN**: EIN PROPAGANDAFILM FOR SOSIALDEMOKRATIET • LIKESTILLING SETT FRÅ SIDELINJA AV LONG LITT WOON • DEMONISERING SOM JOURNALISTISK METODE • ENGELSK OG VESTNORSK FOTBALLHISTORIE • ARNE GARBORGS OPPGJER MED KRISTENDOMMEN • KVINNERØRSLA SITT MØTE MED MÅLRØRSLA ELLER OMVENDT, M.M.

ISBN 82-521-6884-1



EIT SKITNARE SPRÅK

KVEN SLEPP ALLTID TIL på talarstolane, og kven gjer det ikkje? Det ville Marit Eikemo og eg spørje om då vi byrja som redaktørar i Syn og Segn i 2003. Etter tre og eit halvt år får Syn og Segn ny no redaktør, og vi ser at vi har funne nokre svar.

Vi har peikt på gapande hol i ålmenta. I ein leiar skreiv vi om den skeive kjønnsbalansen blant meiningsprodusentane i dette landet. Ein av konsekvensane var at fagbladet Journalisten tok ei oppteljing av bruk av kjelder hjå seg sjølv og innførte krav om at det skulle vere minst 40 prosent kvinner blant kjeldene. Avisa Klassekampen oppretta spalta *Feminist? Ja visst!* Debatten om mannlege meiningsprodusentar varte i fleire månader og viste at vi hadde treft på noko viktig.

Sjølv har vi vist og vist at det ikkje er vanskeleg å få kvinner til å skrive artiklar, slik mange tidsskriftredaktørar har hevda. Det har vore sjølv sagt for oss at Syn og Segn ikkje berre er skrive av menn. Som Turid Kleiva viser i dette nummeret av Syn og Segn har kvinnekampen tidlegare stått sterkt i målrørsla. Slik sett har vi ført vidare ein tradisjon det til tider kan synast som nynorskrørsla har gløymt.

VI HAR OPNA BLADET for ukjende, unge, uredde, men også godt etablerte forfattarar og plassert Syn og Segn inn i ei større ålmente i ei tid då tidsskrifta blir stadig viktigare som premissleverandørar i mediesamfunnet. Men vi har også gitt lesaren dei overraskande gode poenga, dei rørande tekstane, dei som ikkje har skapt storm, som Olaug Nilssen og Gunnhild Øyehaug si reise til Åsentunet, ei reise «heim» (2/03). Bjørn Flø si historie om øya Flø i Sunnmøre i dette nummeret er også ein av tekstane det er kjekt å trykkje. Her snur han ei populær historie på hovudet.

Reportasjen har blitt ein ny og viktig Syn og Segn-sjanger. Den paradoksale situasjonen i Medie-Noreg er at stadig fleire aviser har fått eigne reportasjemagasin, medan kunnskapen om kva reportasje eigentleg er for noko minkar. Ein reindyrka reportasje gjer det motsette av "journalismen", som opphøgjer det journalistiske verdsbiletet til alle tings målestokk og gjer formidlingsgrepet til ideologi. Reportasjen fortel ikkje berre det som passar i stor skrift. Han tek også med alt det andre, merkelege, upassande og verkelege, også det som ikkje er friskt og greitt, som i Frode

Retten til å vere annleis handlar til sjuande og sist om retten til å eksistere, både i randsonene, men også midt i der samtida blir skapt. Skal vi greie det, må vi også bryte eigne konvensjonar og ikkje stivne i historiske førestellingar av kva det nynorske er.

Grytten sitt Kolbotnbrev (1/03) eller Katrine Sele sine reiser til Vanylven (1/05) og Fjærland (1/06).

Vi har argumentert for minoritetsrettane på leiarplass. Syn og Segn har meint at minoritetsvernet i Noreg er styrkt gjennom internasjonale rettskonvensjonar som er blitt ein del av norsk lov. Det er nynorsken si politiske utfordring å overleve og manøvrere som skriftspråk for mindretallet medan majoritet og marknadsmakt har blitt det same. Difor har vi hatt «Retten til å vere annleis», som eit motto. Retten til å vere annleis handlar til sjuande og sist om retten til å eksistere, både i randsonene, men også midt i der samtida blir skapt. Skal vi greie det, må vi også bryte eigne konvensjonar og ikkje stivne i historiske førestellingar av kva det nynorske er. Også dette har vore ei utfordring for oss som Syn og Segn-redaktørar. Vi ville vise at det ikkje treng å vere slik Einar Økland hevda i det første nummeret vi var redaktørar for, at det berre finst god litteratur på nynorsk. Det finst ikkje B-litteratur eller reklame. Det som er berre godt og skjønt, vil alltid plassere seg utanfor det sjølvsegde. Difor starta vi debatten om at aviser som ikkje slepp til baa mål-

former bør miste momsfritleket, og difor ville vi skitne til språket.

FØR MARIT EIKEMO gjekk av som redaktør i 2005 hadde Teresa Grøtan, Ragnfrid Trohaug og Øystein Vidnes alle hatt korte engasjement som vikarredaktørar. Tusen takk for at de vidareførte arbeidet. Øystein Vidnes har også vore ein god støttespelar for å skape det visuelle uttrykket til Syn og Segn. Kjartan Helleve fortener stor takk for innsats som utteiknar og redaksjonssekretær fram til 2004.

Vi må også takke redaksjonsrådet, som har fungert som gode rådsslagarar undervegs. Takk til Ellen M. Mortensen, Karianne Bjellås Gilje, Cathrine Holst, Jostein Gripsrud, Jo Bech-Karlsen, Ola E. Bø. Roger Strand og Per Solvang.

Ikkje minst takk til språkvaskar Aud Søyland, som har gjort ein uvurderleg jobb.

Mest av alt takk til Det Norske Samlaget og Litteraturselskapet som gav oss den gjeve oppgåva det er å vere redaktør for eit så tradisjonsrikt tidsskrift.

Hilde Sandvik

Referanse:

Flø, Bjørn Egil (2006): Utanfor folkeskikken. Syn og Segn
nr 2 - 06

UTANFOR FOLKESKIKKEN

Ei forteljing om nye bygdefolk. Om korleis ein
kan gjere seg populær på bygda – og korleis ein
kan gjere seg upopulær.

Av BJØRN EGIL FLØ

DET VAR SEINSUMAREN

2000, trur eg, då eg fyrste gong reflekterte over kva som var i ferd med å skje i mi eiga heimbygd. Eg sat på Nordlandsbanen, skulle til Hattfjelldal for å halde eit foredrag for grendelaget der, om framtida for norske utkantsgrender, eller «Agrare grender i møte med framtida», som tittelen var. I forbifarten hadde eg plukka med meg eit magasin frå jarnbanekafeen i Trondheim, det låg berre og slong på bordet då eg heiv i meg ein kostbar og svartbeka kaffi før toget gjekk. Magasinet var eit slikt typisk reise-magasin, hugsar ikkje heilt kva det heitte, men det kan då vere det same. Magasinet kom uansett langt ned i bunken av lesestoff, og fyrst då me passerte Snåsa, vart bladet opna. Eg må innrømme at overraskinga var stor då det midt i bladet var ein lang artikkel om Flø, mi eiga heimbygd. «Bygda mot strømmen» heitte artikkelen. Fløbygda var brått vorten populær. Eit arkitektpar hadde kjøpt det gamle, nedlagde samvirkelaget, og endå fleire hadde vist interesse for å busetje seg i bygda.

At arkitektane hadde kjøpt butikken, og at Fredrik var interessert i ei tomt, var sant å seie ikkje noko nytt for meg. Heilt sidan eg reiste frå Flø for å studere i 1987, har eg vore heime minst fem–seks gongar i året. Framleis har eg fleire av mine næraste venar der heime, eg har sysken der, og ikkje minst den gamle far min. Og det er med meg som med så mange andre utflytte, det er liksom der eg har vakse opp som er heime. Eg les Vikebladet og Sunnmørsposten jamleg, så eg veit då kva som skjer. Det var berre det at det gjorde eit heilt anna inntrykk på meg då eg fekk sjå det over fem sider i eit magasin, fine bilete var det òg.

Det skulle vise seg at dette berre var den fyrste av ei lang rekkje oppslag om heimbygda mi. Både på glansa og uglansa papir har folk kunna lese om denne bygda yst

Grunnregelen her er eigentleg at du går ikkje langsetter vegen med mindre du skal noko. Me er då trass alt sunnmøringar, eg meiner kva nytte kan ein gjere om ein fer etter vegen berre for å gå?

i havgapet på ytre søre luten av Sunnmøre. Her finn magasina stoff til feature-artiklane sine som stadfestar det enkelte forskarar, meg sjølv inkludert, har sagt vil skje, men som likevel enno ikkje har skjedd. I alle fall hevdar Statistisk sentralbyrå at det ikkje har skjedd i stor nok utstrekning til at det kan seiast å vere ein tendens. Infrastrukturelle endringar som betre vegar, raskare informasjonsteknologi, betre utvikla interaktive løysingar og meir fleksible arbeidsgivarar som legg til rette for fjernarbeid, har enno ikkje ført til at bygdene har vorte attraktive som bustad for unge innovative ressurspersonar i dei såkalla frie yrka. Likevel har det skjedd på Flø. Her har ei knippe arkitekter, skodespelarar, designarar, stylistar og baristaer etablert seg med sine designarmøblerte arkitekthus og eigne preferansar om det rurale. Kva vil dei her? Kven er dei? Og kva gjer det med bygda at dei kjem hit?

BYGDA, JORDBRUKET OG 1. MAI

Flø har som dei fleste andre små lokalsamfunna i landet opplevd ein jamn tilbakegang i folketalet dei siste 30–40 åra. Ein opprivande strid om lokalisering av byggjefelt drog ut i nærare 30 år før eit vedtak vart fatta. Innan den tid hadde dei fleste Fløfolka som venta på å få byggje der, gått lei av å vente og bygt seg hus andre stader i regionen. Det var med andre ord ikkje akkurat pågang av Flø-folk som ville kjøpe tomt då byggjefeltet endeleg stod klart. For mange var det heller ikkje lenger like attraktivt å byggje på Flø. For medan folket krangla om byggjefeltet, forsvann grunnlaget for både skule og butikk og dermed også dei viktige sosiale møteplassane i bygda. Som ein logisk konsekvens av det endra bygda også mykje av sin karakter som bygdesamfunn.

Kvar yrkedag morgon låg bygda der så godt som audsleg, berre nokre få bønder og ein og annan pensjonisten var å sjå. Skulle ein møte sambygdingar, var det best sjanse til det om ein gjekk på coop'en i Ulsteinvik etter avslutta arbeidsdag. Flø var med andre ord vorten som bygdesamfunn flest, uttynna og monoton og fattig på alt som kjenneteiknar eit sunt lokalsamfunn.

Gode vilkår for å kombinere landbruk og fiske var utgangspunktet for at det ein gong busette seg folk her. Men etter krigen og særleg etter at me fann så mykje olje i dette landet, greidde ikkje primærnæringane å halde tritt med inntektsutviklinga elles i samfunnet, og fiskarbonden måtte spesialisere seg og velje om han ville vere fiskar eller bonde. Dei fleste på Flø valde å verte bønder. Landbruksjorda her var stort sett flat, og jorda var slett ikkje så dårleg heller, noko skrinna var ho rett nok, men nokre stikkveiter gjennom rinden for å tømme myra og eit par–tre generasjonar med steinplukking har gjort sitt til at denne vesle bygda står fram som den viktigaste jordbruksgrenda på heile ytre søre i dag. Likevel gav mange opp alt før Thorstein Treholt, den fyrste desember 1975, gjekk på talarstolen i Stortinget og lovde bøndene «... likestilling mellom inntektene på rasjonelt drevet gårdsbruk ... og gjennomsnittlig industriarbeiderlønn». Endå fleire gav seg berre få år etter, då dei skjønna at regjeringa ikkje greidde å innfri lovnaden. Flø-bonden visste så altfor godt kva ei industriarbeidarløn var, og dei såg at for kvar krone bonden fekk, så fekk industriarbeidaren to. Ytre søre Sunnmøre var, då som no, kjerneområdet for norsk skipsindustri med dei familie-eigde skipsverfta Ulstein Hatløy og

Kleven i spissen, og dei kunne knappast skaffe folk nok til alle nybygga som vart kontraherte utover på 70-talet. Då var bøndene gode å ha, dei var både arbeidssame og nøysame, og det var vel neppe sett på som noka ulempe at dei ikkje hefta seg vekk med å gå i fyrstemaitoget.

ØL, BYGDEVERDIAR OG KRISTENDOMEN

Venstre har historisk sett stått sterkt i bygda og etter kvart fekk også Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti sine tilhengarar. Fråhaldsrørsla, målsaka og kristendomen har vore dei sterke politiske sakene her som så mange andre stader på Nord-Vestlandet. Ein og annan arbeidarpartiveljar kom nok òg til etter kvart, men det var lettast om dei ikkje prala for høgt om det. Slik har det vore i generasjonar, og det tryggaste er at det vert slik framover òg. Rett nok skjer det her som i så mange andre grender på Sunnmøre at Framstegspartiet tek over arenaen åt det gamle Venstre, noko som nok indikerer at verken fråhaldsrørsla eller målsaka lenger har den same tyngda reint politisk.

Det sosiale livet i Flø-bygda er elles prega av at fløssingen er heidningen og pietisten side om side, gjerne også i ein og same person. Samstundes som søndags-skulelæraren las gudsordet, var andre og såg etter om brygget i kvernhuset gjekk som det skulle. Her som i alle bygdesamfunn med tette sosiale band har ein gjennom generasjonar utvikla eit finstilt system av uformelle institusjonar eller reglar for å unngå konflikt mellom sambygdingar. Eit typisk døme på ein slik institusjon kan vere Flø-folket sitt forhold til bakromet på samvirkelaget. Det høyrer med til historia at i denne delen av landet får du enno ikkje

kjøpt deg ei øl på butikken. Rett nok har me i dag ølutsal i Ulsteinvik, men det er av relativt ny dato. Før laut ein anten til Hovdebygda eller

Om nokre av dei mest religiøse skulle ha seg ein tjue-kilo med kveitemjøl, laut handelsmannen sjølv gå attpå og hente den. Skulle ein av dei mindre religiøse derimot ha kveitemjøl, var det slett ikkje same sørvisen å få.

Ålesund for å få seg ei øl, og sidan der var vin-monopol òg, vart det gjerne til at ein tok med ei flaske brennevin eller

to i tillegg. Men om ein planla litt på førehand, kunne ein få så mykje øl ein berre orka og ofte meir enn det. Då laut ein tinge det hjå handelsmannen ei veke på førehand, og ikkje mindre enn ei kasse.

Torsdag var øldagen. Då kom kassene med vareruta, og me skulle helst hente ut ølkassa før fredagskvelden, dette for å spare handelsmannen for mykje bering på laurdagen. Saka var den at berre halvparten av bygdefolket kunne sleppast attpå lageret før ølkassene var fordelte. Om nokre av dei mest religiøse skulle ha seg ein tjue-kilo med kveitemjøl, laut handelsmannen sjølv gå attpå og hente den. Skulle ein av dei mindre religiøse derimot ha kveitemjøl, var det slett ikkje same sørvisen å få. Det er for så vidt logisk, det, heidningane let seg ikkje så lett sjenere av det dei møtte på bakrommet.

At det der stod ølkasser stabla heilt oppunder taket, med namnelappar og det heile, det visste alle. Det handla berre om å sleppe å sjå det. Så lenge det vart respektert at nokre ikkje ville sjå det, var det òg ein gjensidig respekt om å la det vere. Slikt finn me mange døme på i dei fleste bygdesamfunna, slike finstilte sosiale koder som har utvikla seg over lang tid og utan markerte skift med opprivande konsekvensar. Sosiale institusjonar som var utvikla for å fungere i det kompliserte sosiale spelet som var kravd på tvers av generasjonar, tru og moralske normer.

Eit anna og kanskje langt mindre synleg døme finn ein i korleis ein skulle te seg når ein gjekk langs etter vegen. Grunnregelen her er eigentleg at du går ikkje langsetter vegen med mindre du skal noko. Me er då trass alt sunnmøringar, eg meiner kva nytte kan ein gjere om ein fer etter vegen berre for å gå? Det er klart bussjåføren kan

For ein sunnmøring kan det å byggje eit hus best samanliknast med ein graviditet. Det tek om lag ni månader, og han stikk ikkje spaden i jorda før han har fått velsigning frå presten.

gjere det, han vert då så dårleg i ryggen av å sitje og køyre buss heile dagane og då hjelper det å gå, alle veit det, det har dei snakka om på butikken også. Då er det klart at ein spasertur vert eit naudsynt vonde for å halde ut neste dag på bussetet. Slikt står det då respekt av, men om ein heilt alminneleg mann i sin beste alder går berre for å gå, ja då stiller saka seg annleis. I alle fall om det ikkje er ein søndag.

...har han ikkje noko anna å gjere eller? Det må då vere noko anna han kan ta seg til? Det er då lett å sjå at det kanskje hadde vore ein idé å beise huset, og det er kanskje på tide å hauste ripsen i hagen før trasten tek han, han rakk det då slett ikkje i fjor. Men å fare og gå slik då, kan du skjønne det?

Men er det søndag derimot, då skal det gåast, og då skal ein gjerne spasere, stille og roleg, du må vite at så lenge ein går etter vegen, gjer ein i alle fall ikkje anna arbeid på 7. dagen. Det einaste som riv opp i dette faste og stabile mønsteret, er dei åra 1. mai fell på søndag. Då vert fløssingen i villreie, og det er fort ein ser at kommunistfrykta er større enn gudsfrykta. Dessutan er det rett som det er at det er finver på 1. mai i alle fall dei åra han fell på søndagar, og gjerne er det òg meldt litt duskregn dagen etter, og då må Flø-bonden nytte høvet til å få ut møkka. Alle skjønar då det, det er då slett ikkje kvar finversdag som går over i duskregn dagen etter.

BYGGJESKIKK OG FOLKESKIKK

Slik kunne eg halde på i timevis og snakke om korleis me har gjort det og til dels enno gjer det på Flø. Eg kunne ha snakka om alle desse kodane som for meg ikkje var synlege så lenge eg budde der. Men det var nyttilflytarane eg skulle snakke om, desse hippe «ny-

rurale» som har kome her. Det heile starta som nemnt med arkitektane, dei kjøpte det gamle nedlagde samvirkelaget alt på slutten av 90-talet. Arbeidet med å gjere butikken om til bustadhus har rett nok teke si tid, men det er ikkje løye når ein ser kva anna dei har halde på med etter at dei kom der. Kaffibar og interiørbutikk, fyrst i Ulsteinvik og seinare i Ålesund i tillegg til å drive arkitektkontor. Ein kan skjønne at dette ikkje er nokon god kombinasjon når ein samstundes skal bygge hus. Problemet er berre at det er ikkje alle som heilt ser kva anna dei har drive med. Kaffibaren i Ulsteinvik er det andre som driv no, og ...*det å stå i ein butikk nord i bya kan då ikkje vere all verda. Eg meiner ...anna folk greier då å byggje eit hus sjølv om dei er i arbeid.*

For ein sunnmøring kan det å byggje eit hus best samanliknast med ein graviditet. Det tek om lag ni månader, og han stikk ikkje spaden i jorda før han har fått velsigning frå presten. Tomta vert graven i mars, og murane er oppe før fyrsteslåtten, i mellomslåtten vert råbygget reist, og taket er tekt før håslåtten. Rett før jul står det heile klart til innflytting. Heilt parallelt med kvinna har mannen gjennomført sin graviditet, slik har det vore, og slik er det. Og då er det ikkje løye at ein spekulerer når nokon kan halde på i årevis.

Det andre paret som kom til Flø, har derimot bygd eit hus som for det fyrste ser ut som eit heilt alminnelig hus med ruta vindaug og det heile. Eit søtt lite typehus med sjøvend ark, nett slik eit hus skal vere. For det andre har byggjeprosessen gått slik ein byggjeprosess skal gå. Nokre er litt usikre på om dei har fått velsigninga av presten, men ...*me er då ikkje meir framande frå*

denne verda enn at me skjønar at slikt er på mote i dag.

Sjølv om nesten alt såg ut til å vere normalt med *dei nærast smeden*, er det likevel ein ting som uroar Flø-folket. Etter at dei hadde flytta inn i nyhuset sitt og budd der i nærare eitt år, hadde dei enno ikkje fått opp gardiner. Sjølv ikkje etter to år var der gardiner oppe, det såg med andre ord ut til at dei ikkje var tenkte å henge opp gardiner i det heile.

Kva er det dei skal sete og gløse på då...? Sete og fylje med på kven som går etter vegen...? Kva har dei med det å gjere då? Kan du forstå... det må då kjennast kaldt i nordavinden... det hadde ikkje vore eg som hadde orka.

Eit drygt år etter at gardinløysa stod ferdig og innflytta, starta Hildegunn Moltubakk å grave tomt.

No vert det vel ei ordning med gardiner for grannane også, skal du sjå. Steikje fine gardiner frå Kid interiør òg må me tru.

Slik tenkte Flø-folket.

Men det vart det ikkje, derimot vart det eit hus me aldri hadde sett maken til. Eller rettare, omsider fekk me sjå eit hus me aldri hadde sett maken til, for også denne byggeprosessen tok si tid, lang tid. Mange var etter kvart byrja å tvile på om det nokon gong kom til å verte ferdig.

... han kan då umogeleg ha pengar til dette... det kan då ikkje verte nok peng av å reise rundt og halde ablegøyar heile dagane?

Men etter nokre år fekk Flø-folket sjå huset ferdig, og i tillegg fekk dei sjå at også ein fløssing, som elles er kjend for å vere ein gnaur til å arbeide, ser ut til å trenge lang tid til å få opp eit hus.

Han òg har visst tenkt å byggje seg eit slikt spesialhus.

Slik kunne denne historia halde fram med å fortelje om endå fleire som kom til denne vesle bygda yst ute i havgapet på søre Sunnmøre som hit-

Eg ante at noko var i ferd med å gå litt feil her, at Flø-folket ikkje var like glade og stolte over nykomarane lenger som dei var for berre litt sidan.



ARBEIDET MED å gjere butikken om til bustadhus tek si tid, men det er då ikkje løyve det, når ein ser kva anna dei har halde på med etter at dei kom til bygda.

til berre har vore kjend for sørvest kuling og regn. Eg kunne fortalt om baristaen og fjernsynsprodusenten som har bygt seg hus med tårn og fått klengenamnet «fyr-vaktarane», og om båtdesignaren med lidenskapleg interesse for britiske jaguarar, og som dermed vart omtala som «engelskmannen». Og den som då tolkar dette som vondsinna bygdedyr-slarv, tek så feil som det går an å gjere. Nett det at dei vert gitt klengenamn, avslører ei indre stoltheit hjå Flø-folket. Det er ikkje kven som helst som får tilnamn der i bygda. Helst bør me kalle det kjælenamn heller enn klengenamn. Flø-folket har, så tydeleg som fløssingar evnar å syne slikt, einast synt stoltheit og begeistring når eg har vore heime og snakka med dei om desse nykomarane. Det er ikkje tvil om at dette har vore stas.

Og stas var det heilt til sumaren 2004 då eg var heimom ein snartur. Som alltid

gjekk eg meg ein runde for å snakke litt med folket, og droppa innom ein som eg ofte stikk oppom til når eg er der. På hjørnebordet i stova låg det eit gamalt VG som eg bladde litt i medan kompisen brygga oss ein kaffi. Der var eit oppslag om Fredrik under tittelen «Norges mest skallede komiker» som eg skrålas til stor glede. På slutten av reportasjen var der ein liten passus om korleis han var motteken på Flø, og korleis namnet på son hans hadde vore motteke der. Han gjorde eit lite poeng av at då Flø-folket vart presenterte for namnet på barnet, sto dei liksom og venta på eit namn til fordi ein god sunnmøring er kjend for å ha dobbelnamn, og ofte skal dei vere snudde i omvend rekkefølge i høve til landsnormalen. Dette tykte eg var morosamt og las det høgt til kona til kompisen min, men oppdaga til mi overrasking at det ikkje vart sett på som like morosamt frå den parten. Tvert

om ante eg at noko var i ferd med å gå litt feil her, at Flø-folket ikkje var like glade og stolte over nykomarane lenger som dei var for berre litt sidan.

Veit du eg synest ikkje dette er særleg moro i det heile tatt.

Kva no då? Kva skjer... er det ikkje noko stas lenger å ha dei her, eller....?

Då eg bad dei om å fortelje kva som hadde skjedd, var det ikkje råd å få dei til å snakke om det i det heile. Tvert om vart dei stille, og eg må innrømme at kaffien var heller beisk om ikkje på smak, så i alle høve på oppleving. Likevel tende det interessa mi, og eg laut på bygda for å sanke informasjon. Søndag ettermiddag gjekk eg ein stille og roleg tur heimetter vegen og trefte folk slik ein alltid gjer, særleg i finver ein søndag ettermiddag på Flø. Den fyrste eg fekk i tale og spurde om kva som hadde gått gale med nyttilflyttarane, var «Losen». Han stod nede på gjerdet og godprata med hesten åt ein av grannane då eg kom forbi, og det fell seg naturleg å gå rett på sak og spørje han om kva som hadde skore seg. Han svarte litt unnvikande, men samstundes stadfesta han at noko hadde gått gale.

Nei det var no moro lenge dette kan du skjøne, det skjedde det me hadde venta på i over 35 år.

Så refererte til den årelange og opprivande bygdekrangelen om lokaliseringa av eit byggefelt – ein krangel som heim-søkte grenda og skapte splid som enno ikkje er lækt.

Det byrja med Andre... samyrkjelaget skulle verte arkitektkontor og bustadhus og det var ikkje måte på, kjekke folk både han og ho, det er ikkje det. Ja det er ikkje det dei er då

Det byrja med Andre... samyrkjelaget skulle verte arkitektkontor og bustadhus oget var ikkje måte på, kjekke folk både han og ho, det er ikkje det. Ja det er ikkje det dei er då kjekke dei andre og, hadde det ikkje vore fordi dei byrja med denne jævelskapen.

kjekke dei andre og, hadde det ikkje vore fordi dei byrja med denne jævelskapen.

Ja vel, kva jævelskap då?

Men då var det ikkje meir informasjon å få hjå han, og eg laut halde fram mi vandring etter vegen og vone at eg fann andre å frette nytt med. Og det fann eg då, «Ulven» var ikkje vanskeleg å be, etter eit par–tre minutt med obligatorisk meiningsutveksling om dei siste kampane i Premier League og vår felles skjebne med at verken Leeds eller Wolverhampton gjorde det større enn at det kvalifiserer til midten på 1. divisjon, så kom me inn på saka.

Nei dei skjemte ut Flø-folket for heile ytre søre. Flø-folket forsøplar fjorå inn på øyra, stort oppslag i Vikebladet og greier. Då hadde dei funne den gamle fjøsinnreiinga til dei ova bakkå og lagt det på ein hengar og teke bilde av det og trykt det i avisa.

Å TYNNE GULRØTER MED PINNE I BAKLOMMA

Dei, altså nyttilflyttarane, hadde rett og slett lagt seg oppi korleis Flø-folket hadde forvalta området sitt i generasjonar. Dei hadde i tillegg gjort det til ei offentlig sak og ikkje halde det innanfor Flø-familien, slik skikken gjerne var om noko absolutt måtte takast opp. Sjølv om «Ulven» nok kunne fortalt meg fleire historier, ville han likevel avslutte her, svinesteika stod i omnen, og han måtte inn og sjå etter den. Derfor laut eg halde fram mi vandring etter vegen og sjå om eg ikkje kom over andre som kunne fortelje meg meir nytt om «den nye situasjonen». Det var då eg trefte «Raffen», med den same gamle lyseblå herresykkelen, ein Trygg med tre trinns Sturmey Archer gir. Den same som han alltid har hatt. Og han kunne servere meg endå ei historie.

Du må då vite det, dei har då skjemt ut bror din også, stort oppslag i vikebladet om kulturlandskapsskjending på Ytre-Flø. Då var det desse



EIT SØTT LITE TYPEHUS med sjøvend ark, nett slik eit hus skal vere. Men kvifor har dei ikkje gardiner?



DÅ HILDEGUNN MOLTUBAKK kom til bygda, fekk Flø-folket etter kvart sjå eit hus dei aldri hadde sett maken til.

moldhaugane som han bror din har slått til seg, som dei hengde seg opp i.

Seier du det, det visste eg ikkje noko om.

Nei, det gjorde du vel neppe, han vil nok helst sleppe å verte mint på det kan eg tenkje meg, han har vel brukt nok tid og krefter på det. Etter avisoppslaget starta ballen å rulle, det møtte ein stordelegasjon frå Fylkesmannen i Molde og greier, med Alv Ottar i spissen, han bror din måtte bruke timevis på dette midt i beste arbeidstida.

Eg kunne ha halde fram med å fortelje om vindmøllesaka og om endå fleire liknande saker, men for ikkje å kjede lesaren med fleire historier så sluttar eg her, og reknar med at poenget er formidla. For felles for alle desse historiene, eller jøvelskapen, som Losen kalla det, er at nykomarane har rive opp i dei gamle stilleiande reglane i bygda. Dei har stilt spørsmål om ting me aldri har stilt spørsmål om, eller kanskje rettare aldri har kome på å stille spørsmål om. Denne jordbruksbygda som gjennom heile si historie har vore avhengig av det som veks i jorda, men som samstundes ikkje har betre jord enn at ein knappast greier å få timoteien grøn, har alltid vore avhengig av å lage matjord og hindre erosjon etter beste evne. Dei som har vakse opp her i bygda, hugsar den tida då ein laut gå med ein pinne i baklomma kvar gong ein arbeidde i åkeren for å pirke av molda på støvlane før ein gjekk opp på vegen. Mold har alltid vore ein knapp ressurs her, og det å leggje jarnskrammel i fjøra for å binde sandhavren hadde ein funksjon. Det gjorde torva sterkare i møte med storsjøen. Og nokre lastebillass med god matjord frå dei grøderike jordbruksområda kring Ulsteinvik sentrum som no er på det næraste nedbygde, kjem godt med til bruk på den skrinne jorda på Flø.

Etter avisoppslaget starta ballen å rulle, det møtte ein stordelegasjon frå Fylkesmannen i Molde og greier, med Alv Ottar i spissen, han bror din måtte bruke timevis på dette midt i beste arbeidstida.

Oppi dette har dei altså kome, nyttilflyttarane, som aldri har gått med pinne i baklomma når dei har tynna gulrøter, dei har vel knappast nokon gong tynna gulrøter. Det kan det for så vidt godt vere at det er andre på Flø som heller ikkje har gjort, men dei har i alle høve lært at mold er ein knapp ressurs, og at alt som kan gjerast for å styrke jorda, må gjerast om bygda skal leve. Om ikkje anna har dei høyrte folk har snakka om det, anten det har vore på butikken eller andre stader der bygdefolk møtest. Det er slik lokale kulturar vert produserte og reproduerte. Nykomarane veit ikkje slikt, dei har ikkje vakse opp her, og i tillegg er det heller knapt med lokale møteplassar att der desse skikkane kan formidlast, særleg no etter at både butikken og skulen vart nedlagde. Dei har med andre ord vanskar for å tileigne seg denne kunnskapen og desse uformelle kodane om dei aldri så mykje vil.

DEI NYE EMISSÆRANE

Eit par dagar etter frettarrunden min trefte eg på nokre av nykomarane. Arkitekten og dei to i «gardinløysa» kom gåande etter vegen ein heilt vanleg yrkedag rett nok i ferien, men likevel. Det gav meg i alle høve moglegheit til å spørje dei kvifor dei eigentleg hadde gjort fløssing av seg. Dei var samstemde i at Flø var ein fristad for dei. Noko dei også tek opp att i eit oppslag i 1. mai-nummeret av Dagbladet Søndag 2005.

For å forstå hvorfor vi trives på Flø, må du besøke oss i Ålesund. De to delene av livet henger nøye sammen. Vi har arbeidsstedet i Ålesund, og Flø er et slags fristed – det er her vi henter energi. Her dykker vi etter kamskjell, bader nakne fra moloen eller nyter en god sigar i fjæresteinene. Du trenger ikke velge enten livet i byen eller livet på landet, her får du begge deler.

Vi er jo litt ambivalente. Vi drar til byen (Oslo) for å få impulser, men vi har en dobbelthet

i oss. Derfor er jeg glad for å treffe (xxx) – han er urban, men samtidig like forelska i naturen som meg.

Dei uttrykte ei særleg interesse for landskapet og snakka om lyset og presiserte at også i dårleg ver hadde Flø rikeleg med sjarm. Også dette aspektet kjem fram i Dagblad-reportasjen.

Og så er naturen her helt fantastisk. Det er et helt spesielt lys, og nærheten til havet gjør at det nesten føles som du får bølgene inn gjennom vinduene.

Under samtala vår kom det også fram at dei hadde nærast eit slags kall om å omvende Flø-folket slik at dei òg fekk det «rette» synet på bygda si.

Eg synest det er trist at Fløfolket ikkje veit å sette pris på idyllen her ute, dei ser ikkje sjølve kor vakkert det er her.

Det sa den eine av dei, og refererte til både forsøplinga av fjøra og til moldhau-gane som var tippa utover eit av beitestykka. Idyllen vert i løpet av samtala utvida til å gjelde langt meir enn einast landskapet. Også det sosiale livet i bygda vart trekt fram som positivt, dette opne samfunnet der alle kjenner alle, som er så typisk for eit bygde-samfunn. Dette vert trekt fram i eit oppslag i Dag og Tid den 26. januar 2005 også.

Når ein bur i byen, blir ein lett anonym. Her bryr folk seg. Like etter at eg flytta hit, kom ein mann bort til meg på butikken og sa: «Sove-romsvindauget ditt står ope.» Han meinte det berre godt, men det var litt uvant.

Klart han meinte det godt, alle som har vakse opp på Flø, veit at du ikkje kan reise frå eit ope vindaug. Sjølv om det er vindstille når du reiser, så er det heilt sik-ker blese opp før du rekk å handle frå deg. Særleg no når du må køyre heilt til Ulstein-vik for å handle. Så jau då, den rurale idyl-len finst, og nett med det same dei kom der, var det enno fin stemning, og Flø-folket var framleis stolte av å ha nykomarane i grenda.

Og så er naturen her helt fantastisk. Det er et helt spesielt lys, og nærheten til havet gjør at det nesten føles som du får bølgene inn gjennom vinduene.

Men på frettarrunden min i bygda fekk eg ein annan versjon av denne rurale idyllen, kanskje me heller kan kalle det den rurale røyndomen.

... gagnlaust ser du... dei fekk eit av desse kjempevindauga ein dag, det vart ståande i ramme i vekevis framfor huset utan sikring. Kvar gong eg køyrde forbi tenkte eg at det var eit under det stod der enno, men ein dag bles det opp, og vindauget måtte plukkast opp innpå sanden.

Det er då vanvittig, kvifor sa du ikkje ifrå då og åtvare dei mot kulingen?

Den dagen dei byrjar å oppføre seg som folk, så skal eg gjere det, men slik det er i dag, så er dei pent nøydde å lære det den harde vegen.

Slik har det altså vorte i heimbygda mi, og dette er nok berre forsmaken for mange norske bygder kringom i landet. Etter kvart som me får sjå at stadig fleire nykomarar kjem flyttande ut i stadig meir rurale gren-der. Her kjem dei med nye preferansar om både landskap og det rurale og med rett til å bry seg. Og ikkje minst med rikeleg av res-sursar til å kunne skake langt meir solide småsamfunn enn Flø. I staden for at kunn-skaperen til desse ressurspersonane, og deira nettverk og potensial for kreative innspel vert nytta positivt for bygdene, vert det lett ei destruktiv kraft sjølv om ingen av partane eigentleg ønskjer det, tvert om.

Eg må få lov å seie som Per'en, ein eldre mann på over 80 år:

Det er slik her no at det hadde vore enklare om dei var negrar.

Ja vel?

Nei, då hadde me skjont at dei ikkje for-stod korleis dei skulle oppføre seg. Desse snakkar endå til dialekten vår, dei er ikkje meir framande enn at me gløymer at dei ikkje er herifrå.